



PROTOKOLL

ULLENSVANG  
KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL

<b>Frå kl. 14.00</b> <b>Til kl. 15.30</b>	<b>Møtedato</b> 20.04.2022
<b>Frå sak nr. 4</b> <b>Til sak nr. 4</b>	<b>Møtestad:</b> Soknehuset i Odde
<b>Forfall</b> Gry-Helga Aarhus Anne Karin Stormyr	<b>Innkalla varamedlem:</b> Tone Felle Nesheim Bård Kråkevik
<b>Merknader:</b> På møtet vart det orientert om moglege søknad om permisjon og endring av stilling for Anne Marie Reistad. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera nødvendige endringar. Det vert kurs om forståing av rollar og ansvar i mai ved Frank Grimstad.	
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar.	
<b>Leiar</b> Lars O. Seim	<b>Nestleiar</b> Audhild Engesæter
Steinar Tokheim	Airin Nesse Bosdal
Torbjørn Dagestad	Torbjørn Bjotveit
Kari Bjørkavoll Eitrheim	Cecilie Styrmoie Stærnes
Arild Hellesøy	Kjellaug Hoås Samland
Angunn Handegard Trå	
Tone Felle Nesheim	Bård Kråkevik

Hovudutskrift sendt til:

Medlemar, varamedlemar, prosten, prestane, tilsette, revisjonen.

Dei som er medlem av fellesrådet nyttar sitt referat som melding til soknerådet.

**MØTEINNKALLING****ULLENSVANG  
KYRKJELEGE ADMINISTRASJONSUTVAL**

KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL HAR MØTE I SOKNEHUSET I ODDA ONSDAG DEN 20.04.2022  
KL 14.00

**Kalla inn:**

Innkalling er sendt på e-post med førehandsvarsel om møtet på sms.

Lars O. Seim (leiar), Cecilie Styrmoie Stærnes, Airin Nesse Bosdal, Audhild Engesæter, Steinar Tokheim, Kari Bjørkavoll Eitrheim, Torbjørn Dagestad, Torbjørn Bjotveit, Arild Hellesøy (geistleg representant), Kjellaug Hoås Samland (kommunal representant), tilsette: Anne-Karin Stormyr, Angunn Handegard Trå, Tone Felle Nesheim.

**Varamedlemar møter etter nærare varsel. Mogelege forfall må meldast snarast på sms til 971 69 904. Det skal kallast inn vara om fast medlem ikkje kan møta.**

Me ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette snarast.

FORFALL

Gry-Helga Aarhus

INNKALLA VARAMEDLEM

Tone Felle Nesheim

**SAKSLISTE:**

SAK 4 TILSETJING AV KYRKJEVERJA

Odda, 12.04.22

Med helsing  
sign  
Lars O. Seim  
leiar

Gerd Rosten Bu  
Fungerande kyrkjeverja

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE ADMINISTRASJONSUTVAL</b>			
Sak nr.	4-2022	Sakshandsamar	Grb
Arkiv nr.	personal	Møtedato	4-2022

### SAK 4 TILSETJING AV KYRKJEVERJA

#### DOKUMENTLISTE:

1. Utlysing av stillinga.
2. Utvida søkjarlista – IKKJE OFENTLEG.
3. Innstillingsutvalet si vurdering - IKKJE OFFENTLEG

#### VEDLEGG:

Dokument 1 og 2.

Dokument 3 vert lagt fram på møtet.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Stillinga som kyrkjeverja vart lyst med søknadsfrist 25. 02.22, med utvida frist til 11.03.22. Stillinga vart lyst ut gjennom Webcruiter og lyst i Hordaland, HF, BT, Vårt Land, Facebook og på NAV sine sider. Det er kome 4 søkjarar og **2 av dei har bede om at namna deira ikkje vert gjort offentleg og det er dei lova.**

Fellesrådet vedtok i sak 5-22 og nytta ekstern hjelp til gjennomføring av tilsetjingsprosessen. F Grimstad konsulting er valt. Fellesrådet vedtok etter spørsmål frå administrasjonsutvalet at tilsette kunne få ein representant i utvalet og dette er Angunn Handegard Trå.

Utvida søkjarlista vart sendt dei tre forbunda 23.03.22 med frist for uttale innan 30. mars. Det er kome eit innspel og det er frå Fagforbundet. Dei har ikkje framlegg til kven som bør tilsetjast, men seier det er viktig at den som vert tilsett kan handtera denne store organisasjonen med dei utfordringar som er og som vil koma.

Innstillingsutvalet er sett saman av Lars Seim, Audhild Engesæter, prost Arild Hellesøy og tilsettere representant Angunn Handegard Trå. Frank Grimstad har leia prosessen med intervju og referansar. Innstillingsutvalet si tilråding vert lagt fram på møtet, og den er ikkje offentleg.

#### **Kyrkjeleg administrasjonsutval, den 20.04.2022**

På møtet vart uttalen frå forbunda Creo, Samfunsviterne og Utdanningsforbundet lagt fram. Dei bad om at uttalen vart teken med til intervju. Dette vart teke omsyn til, sjølv om uttalen frå forbunda til vanleg vert lagt fram til administrasjonsutval og fellesråd. Dei ønskte også at dei tillitsvalde seg imellom skulle få peika ut kven som skulle vera med i intervju/innstillingsutvalet. Dette vert gjort slik ved tilsetjingar i andre stillingar. Når det gjeld kyrkjeverjestillinga er det fellesrådet som tilset, og det er fellesrådet sjølv som vel om dei vil ha ein tilsett med i prosessen og peikar denne ut. I Ullensvang kyrkjelege fellesråd har det vore ein open prosess der tillitsvalde har fått utvida søkjarliste til uttale, og fellesrådet vedtok etter førespurnad frå administrasjonsutvalet å ha med ein tilsett i intervju/innstillingsutvalet. Saka er handtert både i administrasjonsutvalet og fellesrådet.

#### **UTTALE FRÅ ADMINISTRASJONSUTVALET:**

Administrasjonsutvalet støttar samrøyste tilrådinga frå intervjuutvalet. Der søkjar nr 2 (ikkje offentleg) vert tilboden stillinga og søkjar nr 4 vert innstilt som nr 2.

Utskrift til:	
---------------	--